

Tilknyttede organisasjoner;



Ålesund kommune

Molde, 9. feb. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeninger, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

Høring - søknad akvakulturanlegg for torsk ved Røholmane utanfor Finnøya

Vi viser til høring til søknad om etablering av nytt matfiskanlegg for torsk ved Røholmane utanfor Finnøya med høringsfrist 9 feb. 2024.

FNF Møre og Romsdal er djupt bekymra for at etablering av torskeoppdrett ved Røholmane vil føre til negativ påverknad på villtorsken i fjorden slik som norsk tamlaks har øydelagt dei norske villaksbestandane. Om ein eventuelt skal tilrettelegge for oppdrett av torsk ved Røholman vil vi at dette skjer ved at ein lager ei plan på overordna nivå (kommuneplan/sjøsonplan) og bruker tid nok til dette for å få ein god medverknad. På dette grunnlag rår vi frå å tillate etablering av torskeoppdrett ved Røholman.

FNF Møre og Romsdal arbeider mellom anna for å bevare norsk natur og dei artar som lever der. Vi er djupt bekymra for oppdrett i sjøen i det heile, der dei tamme dyra påverkar deira ville artsfrendar knytt til genetik, sjukdom, livssyklus etc. Norske villaksstammer og norsk lakseoppdrett er noko vi diverre har alt for god kunnskap om knytt til negativ påverknad, og vi er redde for om den rødlista villaksen vil overleve i det heile. Torsk er ved sida av laks ein norsk signalart som vi er bekymra for om vil overleve, viss ein lar oppdrettsnæringa få fortsette å auke i storleik og omfang.

Arealendringar utgjør den største trusselen mot norsk natur, planter og dyr. Endringane vil svekke styringa av arealbruk og moglegheita til å sjå sumeffekten, og dermed forverre situasjonen for naturen i Norge. Om ein skal etablere noko nytt i naturen ønskjer vi at dette skjer på eit overordna plan og at ein sett av nok tid til at vi får ein god prosess der medverknad er vesentleg. Dette betyr ein kommunal arealplan eller sjøsonplan der ein vurderer alle samfunnsinteresser i sjøen (og land). Det som skjer i denne søknaden er at det blir søkt om etablering i eit areal avsatt til «fleirbruksområde» i den gamle kommunedelplan for Sandøy kommune. Dette synes ikkje vi er rett i 2024. Vi forventar at Ålesund kommune er sitt ansvar bevisst og sett i gang utarbeiding av ei sjøsonplan slik som nabokommunane Hareid kommune, Ulstein kommune, Herøy kommune, Sande



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal



kommune, Vanylven kommune no har gjort. Kanskje Ålesund kommune kan slå seg saman med nabokommunane og sjå på dette saman i ein interkommunal plan?

Vi les av søknaden om torskeoppdrett ved Rødholmene blant anna; « *I de tidlige generasjoner av oppdrettstorsk var det et problem at torskene rømte fra anleggene, noe som til stor grad trolig skyldtes at fisken på dette tidspunkt var tilnærmet vill med mye napping på notlin, og ikke tilpasset et liv i fangenskap. Gjennom flere generasjoner med avl har oppdrettstorsken etter hvert blitt mer «tam»(domestisert) og dermed bedre tilpasset et liv i oppdrett, på lik linje med oppdrettslaksen. Rømming av oppdrettstorsk vil være alvorlig med tanke på mulig påvirkning på vill torsk, men vi vurderer her sannsynligheten som lav basert på oppdrettstorskens avlsmessigeframgang (adferd/domestisering) og gode/sikre tekniske løsninger for anleggene.»*

Dei store rømmingane av torsk i den seinare tid bør vere kjent for fleire, så denne sannsynleggjering av rømming meiner vi er heilt feil. Det er mykje som tyder på at rømming av oppdrettstorsk har større negative konsekvensar enn rømming av oppdrettslaks. Forsking viser at konsekvensane for genetikken til norsk villaks er dramatisk som følge av innkryssing av rømt oppdrettslaks (sjå <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/3108558>). Det er difor nærliggande å tru at oppdrettstorsk som blir plassert ut i naturen saman med sine ville artsfrendar, har enno større påverknad på villtorsk enn laksen.

Om man likevel, etter å ha laga ein overordna kommuneplan/sjøsonplan, opnar opp for moglegheita til etablering av oppdrettsanlegg, vil vi sterkt oppfordre til at ein stiller krav til lukka oppdrettsanlegg i sjøen, som er ein betre løysing med tanke på både fiskevelferd og miljø:

1. **Redusert risiko for rømming:** I lukka anlegg er fisken innelukka, noko som minimerer sjansen for at den rømmer ut i naturen. Dette er som tidligare nevnt, spesielt viktig for å bevare den genetiske integriteten til villfiskpopulasjonar.
2. **Færre miljøutslepp:** Lukka anlegg slepp ut mindre avfallsstoffer sammenlikna med opne anlegg. Slammet (overskuddsfôr og avføring) kan samlast opp og handterast meir effektivt.
3. **Betre fiskehelse:** Fisken i lukka anlegg er mindre utsatt for sjukdommar som kan spreiest via vatnet. Samtidig krev dette god hygiene og nøye overvaking.

Det er viktig å merke seg at lukka anlegg også har utfordringar, som risikoen for intern smittespreiing, straumforbruk og behovet for teknisk kompetanse. Likevel gir lukka anlegg betydeleg fordeler når det gjelder berekraft og fiskevelferd.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

